

VEDTEKTER FOR NOTAPLASSEN HAMNELAG SA

§

1 NOTAPLASSEN HAMNELAG SA

Notaplassen Hamnelag er eit organisert fellesskap mellom andelseigarane etter §2. Foretaket har forretningskontor i Vanylven Kommune.

1.1 Føremål

Føremålet til laget er å

- Arbeide for trygge og gode hamneplassar
- Ivareta felles interesser for småbåteigarane
- Arbeide for sosialt samhald mellom medlemmane
- Syte for vedlikehald av hamn og hamneområdet, medrekna båttopptrekk etc. og bygningar som laget rår over
- Syte for at inngådde avtalar vert haldne vedlike og følgt opp

1.2 Ansvar

Laget er eit andelseigarlag og har delt ansvar for medeigarane i samsvar med deira medeigedommsrett.

2 MEDLEMSKAP

Medlemar i laget er dei som har kjøpt andelar i hamna, eller har gjort bindande avtale med utbyggjar om kjøp av andel(ar).

2.1 Andelar

Til kvar andel høyrer rett til ein båtplass av ei viss breidde, og dette skal vere påført andelsbrevet. Normal båtplassbreidde er 4 meter, og minste båtplassbreidde 2,5 meter.

2.2 Andelsinnskot

Ettersom risikoen ved og omfanget av verksemda i foretaket er svært liten, vert det ikkje stilt krav til andelsinnskot utover eingongssummen som vert betalt for inngåing av medlemskap. Denne eingongssummen er 43000 NOK for 2,5 meter, 53500 NOK for 3 meter og 61500 NOK for 4 meter. Denne eingongssummen vert kontinuerlig regulert av utbyggjar i takt med marknadsutviklinga på det aktuelle området. Eventuelle andelsinnskot skal ikkje forrentast, ei heller betalast tilbake ved utmelding.

2.2 Avhending av andelar

Arv: Den som har arva andelar i hamna skal gje skriftleg melding om dette til styret. Andelar kan berre overførast til born og borneborn. Andre arveforhold skal godkjennast av styret.

Sal av andelar skal førehandsgodkjennast av styret.

2.3 **Årsoverskot**

Årsoverskotet skal nyttast til etterbetaling. Dette vil seie at medlemmane kan få utbetalt heile eller delar av årsoverskotet på grunnlag av deira omsetning med foretaket, jf. samvirkelova §27 tredje ledd.

2.4 **Utleige av eigen båt plass**

Den einskilde andelseigar kan sjølv leige ut båt plassen sin. Utleiga skal førehandsgodkjennast av styret, og ledige gjesteplassar skal prioriterast utleigd.

2.5 **Hamneavgift**

Til dekning av ordinære driftsutgifter (vedlikehald av fellesanlegg, felleskostnader til straum, vatn og forsikring, etc.) skal årsmøtet fastsetje ei årleg hamneavgift som kvar andelseigar pliktar å betale innan ein månad etter kvart årsmøte, seinast 1.september.

2.6 **Dugnad**

Som eigeninnsats til fellestiltak kan årsmøtet vedta at andelseigarane skal yte eit visst antal dugnadstimar i året pr. andel. Årsmøtet skal også vedta kva prisar som skal betalast til hamnelaget som ikkje er ytte.

Styret skal føre oversikt over dugnadstimar pr. andelseigar

3 **ARBEIDSÅR OG FORPLIKTING**

Rekneskaps- og arbeidsåret fylgjer kalenderåret, med 2007 som første rekneskapsår. Innanfor rammene av vedtektene, vedteke budsjett og arbeidsplan og øvrige årsmøtevedtak, vert laget forplikta av leiaren saman med kasseraren.

4 **ÅRSMØTE**

Årsmøtet er laget sitt øvste styringsorgan. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av juli kvart år, og skal kallast inn med to vekers varsel. Årsmøte vert innkalla av leiaren. Saklista skal stå i innkallinga. Årsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som står i innkallinga.

Saker som skal handsamast på årsmøtet må vere innkomne til styret seinast 15.juni.

4.1 **Stemmerett og fleirtalsvedtak**

Kvar andel gjev ei røyst under føresetnad av at årspengar for det kalenderåret årsmøtet gjeld, er innbetalte på førehand.

Eit medlem kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Det enkelte vedtak på årsmøtet vert gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) mellom dei frammøtte.

Likt røystetal ved val vert avgjort med loddtrekning. Ved likt røystetal elles har leiaren i laget dobbelrøyst.

Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga er gjort på lovleg måte.

4.2 **Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei representerte andelane. Framlegg til vedtektsendring må kunngjerast i saklista til årsmøtet. Nye vedtekter tek til å gjelde straks dei er vedtekne.

4.3 **Oppløysing**

Oppløysing av hamnelaget kan vedtakast av årsmøtet med 2/3 fleirtal. Utdeling eller anna disponering av gjenverande midlar kan ikkje finne stad før foretaksskyldnadane er dekte, og det er gått minst to månadar frå kunngjeringa av kreditorvarselet i Brønnøysundregistra sin elektroniske kunngjeringspublikasjon. Gjenverande midlar utover dette skal gå til samvirkeformål eller allmennyttige formål. Medlemmane har ikkje krav på å få utbetalt andelsinnskott eller innestående på medlemskapitalkonti.

4.4 **Årsmøtesaker**

Årsmøtet skal:

- Velje ordstyrar, protokollførar og to personar som saman med leiaren skal skrive under protokollen
- Godkjenne innkallinga, fullmakter og sakliste
- Handsame styret si årsmelding, rekneskap, arbeidsplan og budsjettforslag
- Handsame innkomne saker
- Velje styre med leiar (for eit år), nestleiar, kasserar og varamedlem. Styret skal veljast blant laget sine medlemmar.
- Velje revisor og nemnder, m.a. valnemd på 2 medlemmar. Revisor kan ikkje samstundes sitje i styret, og kan med fordel veljast blant ikkje-medlemmer.
- Fastsetje hamneavgift (årspengar)
- Fastsetje utleigeprisar
- Fastsetje dugnadstimar og dugnadstimeprisar.

Vidare kan årsmøtet m.a. vedta reglar for drift av hamna og utleige av båtplassar, vedta større vedlikehald, vedta å teikne forsikringar, vedta godtgjersle for leiar og andre tillitsvalde.

5. **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt evtnt. når 1/3 av medlemsinteressene krev det. Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg årsmøte. Det kan berre gjerast vedtak i saker som er nemnde i innkallinga.

6. **STYRE**

6.1 **Samansetjing**

Laget vert leia av eit styre på minst 3 medlemmar inkl. leiar og 1 vararepresentant. Foretaket kan maksimalt ha eit styre med 6 medlemmar. Styret er vedtaksført når minst halvparten av

styremedlemmane eller deira varamdl. er til stades. Styremedlemmane vert valde for to år om gongen, men likevel slik at eit styremedlem og eit varamedlem er på val etter første året. Kvart medlem i laget pliktar å ta imot val til styret. Styremedlem som går ut av styret, har rett til å nekte attval i 2 år. Styremøte skal haldast så ofte som leiaren finn det påkrevd eller eit styremedlem krev det.

6.2 Styret sine oppgåver

Etter retningslinjer frå årsmøtet skal styret:

- Arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding, revidert rekneskap og forslag til budsjett og arbeidsplan neste år.
- Administrere og legge til rette for bruk og vedlikehald av hamna, herunder organisere dugnadsarbeid og føre liste over dugnadstimar pr. andel.
- Køyre sirkulasjonsanlegg ved behov, slik at det ikkje legg seg is i hamna som kan skade båtar eller bryggeanlegg.
- Iverksetje og vidareføre vedtak frå årsmøtet.

Det skal førast protokoll for styremøta. Protokollen skal vere tilgjengelig for medlemmane.

6.3 Dagleg leiar

Foretaket skal ikkje ha ein dagleg leiar.

7. FORTØYING OG HAMNEFORHOLD

Hamnelaget eig og held vedlike brygger, utliggarar og tilhøyrande fortøyingsutstyr. Laget er ansvarleg for forsvarleg fortøyning av flytebryggene. Fortøyingsutstyr elles må den einskilde båteigar halde sjølv, og skal vere av ein fjøyrande type og tilstrekkeleg dimensjonert. Lause tau/fortøyningar skal ikkje flyte til sjenanse for båttrafikken i hamneområdet. Båtar skal fendrast tilstrekkeleg slik at skadar ikkje vert påført anlegg og eigen eller andre sine båtar.

Manøvrering innanfor hamneområdet skal gå føre seg med varsemnd, og gange ut og inn av hamna skal skje med sakte fart (under 4 knop).

Hamnelaget er ikkje ansvarleg for ting som vert stolne frå båtane, eller for annan skade som blir gjort på båtar eller utstyr i hamneområdet.

8. BROT PÅ LAGET SINE VEDTEKTER

Andelseigarane/medlemmane pliktar å rette seg etter dei vedtekter og reglar som gjeld. Andelseigarar som etter ei oppmoding/advarsel ikkje rettar seg etter dette kan seiast opp, og misser då retten til båt plass. Styret avgjer i slike saker, som kan påklagast til tvistenemnda for endeleg avgjersle.

9. TVISTENEMD

Oppstår det tvistar mellom laget og medlemmane, eller mellom medlemmane innbyrdes, om forståinga og gjennomføringa av desse vedtektene og underliggjande reglar skal ein freiste å få tvisten avgjort med bindande verknad for alle partar av ei tvistenemd på tre medlemmar. Partane utpeikar kvar sin medlem, og lensmannen i Vanylven utgjer den tredje.